

LEIAR

Sjefredaktør:
Jan Atle Stang
stang@firda.noRedaksjonssjef:
Yngve Ardal
yngve@firda.noNyheitssjef:
Jon H. Sorland
jon.sorland@firda.noDagleg leiar:
Rolf Ardal
rolf.aridal@firda.no

FIRDA

Grunnlagt 1917
Partipolitisk og økonomisk uavhengig avis

Ein motvillig snuoperasjon

– **VI SKAL LEIE**, men også lytte, sa Jens Stoltenberg, etter at den folkelege motstanden mot kraftlinjene gjennom Hardanger tvang regjeringa til å snu. No skal det likevel greiast ut sjøkabel i staden for ei kraftlinje i luftspenn for å sikre el-forsyninga til Bergen. Det kom fram då Stoltenberg tysdag møtte femten ordførarar frå regionen.

DEI HAR NO fått nytt håp om at kommunene deira slepp dei miljøskadene ein luftkabel vil medføre. Rett nok vil regjeringa framleis køyre i veg med kraftmaster, men i det minste skal sjøkabelalternativet utgreiast.

Endeleg avgjerd blir fatta i februar. Slik sett har regjeringa kjøpt seg litt tid, og motstandarane kan juble for å ha vunne første runde, men heller ikkje meir: Regjeringa står framleis på at

luftspenn vil vere det beste.

FOR VÅRT EIGE fylke sin del er det all grunn til å følgje med på det som no skjer i Hordaland. Blir det likevel luftspenn der nede, er det liten grunn til å tru at ein får ei anna og meir miljøvennleg løysing her i Sogn og Fjordane. Men skulle kabelen heilt eller delvis bli lagt i sjø i Hordaland, er det ei miljømessig og praktisk erkjenning

som også bør få følgjer for den kraftlinja som skal strekkjast tvers gjennom fylket vårt.

DET ER SJØLVSAGT

den sterke folkelege motstanden mot kraftlinja som har tvunge regjeringspartia Ap og Sp til å snu i denne saka, og i alle fall gå med på å greie ut sjøkabelalternativet. Saka, og undervurderinga av den folkelege motstanden,

har utvikla seg til eit politisk mareritt for Stoltenberg-regjeringa. Med den erkjenninga som statsministeren no har komme med, kan han likevel kanskje snu saka til eigen fordel: Han har demonstrert, om aldri så motvillig, at han lyttar til folket og er fleksibel nok til å vurdere å endre kurs dersom motstanden er stor nok.

DET ER INGA SKAM å snu, heiter det i fjellvitreglane. Saka har vore handtert på ein klønete måte i regjeringskollegiet frå første stund, utan at ein har fatta omfanget av og alvoret i motstanden. Men gjennom ei klok handtering vidare, kan likevel den politiske ringreven Stoltenberg komme ut med mesteparten av æra i behald, gjennom å ha vist seg villeg til å lytte, og lære.

Sei di mening om leiaren på fjordaglimt.no

Den sterke folkelege motstanden mot kraftlinja har tvunga regjeringa i kne

AKKURAT DÅ



FLOKENES KAI LAURDAG 7. AUGUST KL. 08.30: Kring 30 passasjerar kom om bord i MS «Atløy» på kaia i Flokeneset. Den gamle travaren kom for å hente folk til marknad og Fjordsteam i Florø. Det er mange år sidan det gjekk båt i fast rute mellom Florø og Flokeneset, så det var med ein viss nostalgil passasjerane steig om bord i det snart 80 år gamle fartøyet.

Foto: Jan Atle Stang

SJØLVPLUKK

Undergang

Vi har fleire undergangar med måleri i.

Om fotgjengarundergangar i Nordhordland

Oppå butikken

Det er eit ekstremt press på Knarvik og Frekhaug, og folk skal helst bu oppå barnehagen eller butikken.

Bjørn Gripsgård Knudsen til avisa Nordhordland

Behageleg nær

Me forstår godt at det er mest behageleg å kunne spasere til og frå både skule og utestader. Stor grunn til å syta er det likevel heller ikkje om dei må finna seg i å køyra buss ei lita mil.

Leiar i Sogn Avis om kravstore hybelbuarar

Formeiring i fangenskap

Om eg aldri så mykje bur i Florø og Sunnfjord, vil eg alltid vere årdøl. Eg er slik sett prøvd på at indresongningar kan formeire seg i fangenskap.

Svend Arne Vee til Sogn Avis

Underleg Fjord1

Det verkar smått underleg at i Fjord1 sin heimby er kystens store samferdsleaktør totalt usynleg på ei helg som denne.

Leiar i Firdaposten etter Fjordsteam-suksessen

Flørø har lagt bak seg ei helg som kjem til å bli omsnakka i år framover

Leiar i Firdaposten

Redaksjonen i Firda ■ redaksjon@firda.no ■ Telefon 57 83 33 00 ■ Tipstelefon 57 83 33 33



Kjell Ove Nordeide, deskvakt



Karin Flølo, journalist



Hilde Genberg, journalist



Svein Heggheim, journalist



Helge Johnsen, journalist



Ivar Longvæstøl, journalist



Knut Magnussen, journalist



Atle Lyngstad Ness, journalist



Ingunn Osland, journalist



Sigurd Løseth, Journalist/deskvakt



Trond Jan Grimeland, deskvakt



Astrid Iren Solheim, journalist



Bent Are Iversen, fotograf



Kjell Aga Ulvestad, journalist/deskvakt



Stig Roger Erde, sportsjournalist



Einar Trovåg, sportsjournalist



Tøne Merete Lillesvangstø, journalist



Erik Grane, nettansvarleg



Katrine Sele, journalist



Sissel Iren Skjerdal, journalist